

KODEJAKTA

2022



HJELMELAND KOMMUNE

Lykke til med jakta

Kodejakta har sidan 2014 vore påskotet somme treng for å koma seg ut på tur. For andre er denne konkurransen, der turane er nye for kvart år, ein måte å oppdaga nye turfavorittar på.

Også i år er turane ei blanding av kort og langt, flatt og bratt, høgfjell og lågland. Det skal vera noko for alle blant dei ti turane som er plukka ut.

Det dei har felles, er naturopplevinga. Enten du er av dei som helst tek inn inntrykka undervegs, eller du er av dei som synest belønninga for turen ventar på ein topp, vil du finna noko som passar for deg.

Kodejakta er langt ifrå den einaste turkonkurransen i Hjelmeland, og det er merka mange andre løyper enn dei du finn i dette heftet. Etter dei åtte føregåande åra med Kodejakta, er det merka rundt 80 turar i tillegg til dei som er med i år.

Gå inn på hjelmeland.kommune.no, trykk på «Kultur, fritid og turistinfor- masjon» og deretter på «Friluftsliv».

Der finn du kart med vegen til mange perler i tur- og naturkommunen Hjelmeland Naturlegvis.

GOD TUR OG GOD JAKT!


HUGS DETTE NÅR DU GÅR UT PÅ TUR:

Det er generell bandtvang for hundar i Kodejakt-sesongen, og dei fleste turane går gjennom område med beitedyr.

Ta med deg godt med drikke når du legg ut på dei lengre turane.

Me minnar også om fjellvettreglane:

1. Planlegg turen og meld frå kvar du går
2. Tilpass turen etter evne og forhold
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunne hjelpe deg sjølv og andre
6. Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is
7. Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er
8. Vend i tide, det er inga skam å snu
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig



1. Iglands Klubbafjell, Årdal


Du køyrer Songesandsvegen frå Årdal og opp i Lyngsheia, men svingar av vegen før du kjem til Sandvatnet. Parkering ved demninga ved Lyngsvatnet. Demninga har blitt forsterka og bygd ut dei siste åra, og framstår i ny drakt med oppmurt stein der det før var tippa stein. Turen går heilt opp i nesten 1000 meters høgd, og det er utsyn over det store Lyngsvatnet – Lysebotn kraftverk sitt hovudmagasin – og Sandvatnet.

Turen går forbi jettegryter og «kyrkjegardshei» på Husaheia, gjennom den smale passasjen «Døra» opp til Iglands Klubbafjell og endar ved toppunktet med den store varden. Om du ikkje vil gå same vegen tilbake, er det råd å gå nedover mot Sandvatnet når du kjem til Døra og passera forbi det gamle stølstunet ved Eiastølen.

Dette er ein ganske lang tur med nokre litt utfordrande parti, men det meste av turen går på snauffell og er dermed relativt lett å gå. Du må rekna fire-fem timar på denne turen, og ruta i starten av turen kan variera litt etter kor høg fyllingsgrad det er i vatnet.



2. Ytre Eiane, Jøsneset



Spor etter tidlegare busetnad.



Velholden husmannsplass på Sandvikneset.

Halvøya Jøsneset er på sitt aller smalaste ved Ytre Eiane. Med vikar på begge sider er det berre ein kort tur frå Jøsnefjorden i sør til Erfjorden i nord. På turen passerer du mellom anna ein frukt- og sidergard med eige gardsutsal og fleire tidlegare husmannsplassar som i dag er velhaldne og idylliske fritidseigdomar.

Turen går for det meste på traktorveggar, men den vestlege delen av ruta ved Sand-


vikneset og Eiavågen er på skogssti. Koden ligg nær traktorvegen, så det er råd å finna han sjølv om du har med deg ei terrengtilpassa barnevogn på turen.

Parkering på nedsida av riksvegen mellom Nesvik og Vindsvik. Første del av turen går gjennom tunet med gardsutsal. Dette er ein lettgått og fin tur. Heile turen tek rundt ein time.

Kodejakta 2022 er støtta av

 SparebankenVest

3. Helgøy Rundt



Brua til Helgøy opnar 18. juni. Dermed får innbyggjarane på øya endeleg veg til fastlandet. Samtidig får folk på andre sida av brua enklare tilgang til ei perle mange aldri har besøkt. Turen Helgøy rundt er ein fin måte å gjera seg kjend på ukjende stiar. Turen er tilrettelagd av bebuarane på Helgøy, som gjerne vil ha besøk når brua har opna.

Turen går både på bilveg, gjennom fruktgardar og i terreng. Det er råd å gå nesten heilt fram til koden sjølv om du har med

deg barnevogn på turen, men då får du ikkje med deg heile rundturen på vestsida av øya. Undervegs passerer du mellom anna gardsutsalet Buå i Helgøy sentrum, der det også er ballbinge og leikeplass, og løypa går like nedanfor selskapslokalet Eperiet.


Du finn parkeringsplassen berre nokre få hundre meter etter å ha køyrd over brua. Dette er ein lettgått og fin tur. Heile turen tek rundt ein time.

Hjelmeland kommune takkar alle grunneigarane som velvillig seier ja til at me kan merka turar på deira eigedomar og utmarks- og beiteområde.

Me vil også takka dei som har stilt opp og merka turar på dugnad.

Det blir inga kodejakt utan velvilje og gode hjelparar!

TAKK!



Turen til den fråflytta garden Hetleli startar på Svadberg i Årdal. Sving av frå riksveg 13 eit par hundre meter nedanfor Årdalstunet, og køyr forbi industriområda Melsøyrane og Svadberg.

Parkeringsplassen ligg ovanfor det siste gardstunet på Svadberg.

Turen går ganske bratt oppover Stølsvegen i starten. Etter at du har kome opp til Stølen, er turen ganske lett og går for det meste på skogsvegar fram til tunet i Hetleli.

Hetleli er «vogga» for jærstolproduksjon i Hjelmeland kommune. Her blei dei første jærstolane laga av Ola Hetlelid, før broren Johannes tok tradisjonen vidare til sin heimstad i Vormedalen. Turen går mellom anna forbi kvernhuset som seinare blei jærstolfabrikk.


Turen tek to til tre timar. Det er råd å kombinera denne turen med turen til Størnafjellet (sjå tur nummer 8), men dei er merka frå ulike utgangspunkt.

Turkarta i Kodejakta er merka med ulike fargar

Dei enklaste turane er grønne. Desse er ganske korte og lette å gå, og er til dels mulege å gjennomføra om du har ei barnevogn med hjul for litt røft underlag.

Dei blå turane er gjerne topturar eller utflukter som varer frå ein til tre timar.

Dei raude turane er dei lengste og hardaste utfordringane.



5. Ramsfjell, Jøsenfjorden

Årets lengste tur og årets mest utilgjengelege kode finn du på Hiaheia i Årdal. Dette er ein heildagstur, men du må gjerne dela han i to og overnatta i Viglesdalen turisthytte.

Turen startar på Nes. Du kan gå turistvegen til Viglesdal og fortsetja mot Stakken før du svingar opp på Hiaheia, eller du kan gå andre vegen opp på heia via Tverrgjøvle. Om du går denne vegen, startar turen eit par hundre meter før du kjem til parkeringsplassen på Nes.

Undervegs vil du mellom anna oppleva tronge passasjar ved Tverrgjøvle, Torsteinsjuvet og Svarthølsjuvet, og spektakulær utsikt mot Trodla-Tysdal og Viglesdal.

VIKTIG: Ta med godt med drikke. Det er få bekkar og lite friskt vatn på Hiaheia.

Turen til Ramsfjell-gardane startar nær Sildafjelltunnelen når du køyrer frå riksveg 13 ved Indre Eiane på veg mot Jøsenfjorden.


Dei tre gardane Indre, Midtre og Ytre Ramsfjell er fråflytta i dag, men på det meste budde det nær 60 personar på fjellgardane i lia på nordsida av Jøsenfjorden.

Løypa går ganske bratt opp lia til Midtre Ramsfjell. Når du har kome fram til tunet er det ganske lett å gå til dei to andre gardane. Koden er plassert ved Indre Ramsfjell.

Gardane ligg høgt og fritt, og det er flott utsyn over Jøsenfjorden. Du må rekna to til tre timar på turen, avhengig av kor mange av tuna du besøker.

6. Hiaheia og Risen, Årdal





Turen til Størnafjellet passar for deg som vil ha opp pulsen, eller for deg som vil ta det litt rolegare medan du gler deg til utsikta frå toppen. For løypa går ganske bratt oppover frå gardstunet på Lakkåsen og opp til toppen av Størnafjellet.

Starten går frå garden Lakkåsen som ligg mellom Målandsdalen og Tveitebrekka på vegen mellom Tau og Årdal. Når du kjem frå Tau og køyrer opp bakkane frå Målandsdalen og passerer Erlia, kjem du til eit punkt der det går gardsvegar i begge retningar. Du skal ikkje til Boremyr på sørsida av riksve-

gen, men opp bakken til Lakkåsen på nordsida. Det er plass til å parkera ein bil ved riksvegen, men det er også råd å køyra opp til tunet og parkera ved løa.

Utsikta utover mot Nedre Tysdalsvatnet er spesiell når du kjem til varden på toppen. Du må rekna to til tre timar tur retur om du ikkje er ute på treningstur.


Det er også råd å kombinera turen til Størnafjellet med turen til Hetleli, men det er ikkje merka løype mellom dei to turmåla.

Frå toppen av Størnafjellet.

Foto: Eldfinn Austigard

Del dine turbilde og fortel om dine turar på Kodejakta 2022 på Facebook.





Dagsturhytta Fisterbu blir offisielt opna 1. juli, men rundturen frå parkeringa ved Fister skule via Fisterbu til Li byr på spektakulær utsikt sjølv om hytta ikkje er klar til å ta imot gjester i starten av sesongen.

Du svingar opp til skulen ved Joker-butikken på Fister. Løypa følgjer vegen vidare mot Solbjør, og starten på skogsstien er skilta ved Fladamark.

Løypa følgjer kanten av Fisterfjellet vidare frå Fisterbu til Li, og du må gå eit lite stykke på hovudvegen mellom Fister og Hjelmeland før du svingar opp Stølsvegen tilbake til fotballbanen og skulen att.

Løypa går ganske bratt oppover frå skulen til toppen, og ganske bratt ned att til Li, men oppå Fisterfjellet er det lett å gå. Du må rekna eit par timar på turen



SEIN SNØSMELTING

Kodejakta er i år forsinka med eit par veker. Årsaka er sein snøsmelting ved fleire av turane, særleg ved Undestølsvatnet og Iglands Klubbafjell. Snøfener har også gjort det vanskeleg å merka så tett som me ønskjer alle stader, men det vil bli lettare å ta seg fram og finna merkinga utover sommaren.



10. Jørmelandsheia, Hjelmeland

For å finna starten på turen til den fråflytta garden Jørmeland, køyrer du frå Hjelmeland mot Vormedalen. Rett før tunnelen, svingar du mot skistadion på Bjødnabu. Parkeringsplassen ligg mellom Husstøl og Bjødnabu, og er godt merka.

Stien til Jørmeland er eit lettgått og fantastisk byggverk med gangbruer over myrene og bruer over elvane.

Ved tunet på Jørmeland svingar løypa opp mot toppen av Jørmelandsheia. Koden ligg ved varden på toppen, men rundturen på den flate og vide heia byr på utsikt i fleire retningar og er verd turen.

Du må rekna rundt to timar på turen. Ein halvtime meir om du får med deg utsiktsrunden på toppen.

FØLG MERKINGA

Turkarta er så nøyaktige som me har klart å få dei, men om du finn døme på at det ikkje er samsvar mellom kart og merkinga, så er det rett å følgja merkinga. Meld gjerne frå om feil i karta. Då kan me gjera folk merksame på det på Kodejakta 2022 på Facebook.

ANDRE TURFORSLAG

Kanskje finn du fleire turar her:

Hjelmeland Turlag, Facebook

Turpostane på topp i Årdal, Facebook

På tur i Hjelmeland, Facebook

josneset.no, ut.no

Turistkontoret i Vågahuset

Send inn kodane du har samla innan **16. oktober** og bli med i trekninga av flotte premiar. Hugs at om du har funne alle ti kodane, har du ti lodd i trekninga.

Turmål	Kode	Turmål	Kode
1 Iglands Klubbafjell		6. Hiaheia/Risen	
2. Ytre Eiane		7. Undestølsvatnet Rundt/ Skreddaren	
3. Heløy Rundt		8. Størnafjellet	
4. Hetleli		9. Fisterbu-Li	
5. Ramsfjell		10. Jørmelandsheia	

Fyll ut skjemaet og send til Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland - eller send kodane dine til postmottak@hjelmeland.kommune.no - eller lever dei til kundesenteret i Vågahuset innan 16. oktober. Del gjerne dine turopplevingar, filmar og bilde eller meiningar om turane på Facebook-gruppa Kodejakta 2022.

God tur og god jakt!

Førstepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 5.000 kroner

Andrepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 3.000 kroner

Tredjepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 2.000 kroner

4. — 8. premie: Diverse turutstyr og bokpremiar

